

# SAMARBEIDSLØYSINGAR

Dunkar / Avfallsbrønner / Bakkekonteinarar



## Samarbeid gir fordelar

- Sparer plass - reduserer arealbruk
- Meir estetisk, reint og ryddig
- Betre brannsikkerheit
- Samarbeidsløysingar gir mindre trafikk og småkøyring

Sjekk ut fleire typar renovasjonsutstyr!



# Kva løysing passar hos deg?

ÅRIM hentar avfall frå tre typar avfallsløysingar. Kva som passar best der du bur, er blant anna avhengig av kor mange som skal bruke punktet. Vi gir råd om kva løysing som er mest aktuell hos dykk.



## Dunkar

- Den mest brukte løysinga. Fleksible og lette å plassere.
- Enkelt å justere dimensjonering etter behov.
- Eignar seg for små og store samarbeid, frå to husstandar og fleire.

**Restavfall og papir:** 140, 240, 360 og 660 liter.

**Glas og metall:** 140, 240 og 660 liter.

**Mat:** 140 og 400 liter.



**140L**

H: 106 x B: 46 x D: 54,5



**240 liter**

H: 106 x B: 57,7 x D: 72



**360 liter**

H: 108 x B: 58 x D: 87,5



**400 liter**

H: 110,5 x B: 92 x D: 72



**660 liter**

H: 119 x B: 136 x D: 78

Måla er rettleiande.



### Behaldar for glas- og metallemballasje

Nokre stadar plasserer ÅRIM ut eigne behaldarar for glas og metallemballasje.

Utvendig mål (cm): H: 152 x B: 167 x D: 157

# Bakkekonteinarar

- Godt eigna for store, tettbygde felt.
- Aktuelle for enkelte område med meir enn tjuefem brukarar.



Eit sett med bakkekonteinarar har sortering for avfallstypene vi hentar heime hos folk: matavfall, restavfall, plastemballasje, papp og papir, samt glas- og metallemballasje.


Samla breidde på settet er omlag ni meter om dei står på rekke. Høgda er 165 cm, djupna er 151 cm.

## Volum

- 2,2 m<sup>3</sup> for matavfall.
- 3,3 m<sup>3</sup> for glas- og metallemballasje.
- 4,2 m<sup>3</sup> for plast, papir og restavfall.

# Avfallsbrønner

- Det finst både heilt og delvis nedgravne brønner.
- Val av type brønn må avklarast med ÅRIM.
- Finst i ulike volum, vanlegvis 3-5 kubikk per brønn.
- Avfallet ligg lagra kjølig under bakken.
- Eksisterande sameige og burettslag kan søke om støtte til brønner.
- Aktuelle for område med meir enn trettifem brukarar.



Spør oss om mål og volum

# Ved plassering av samarbeidsløysingar er det nokre punkt som er nødvendig å vere kjent med.

## Plassering av utstyr

De må ha ein plass de er enige om at fellesutstyret kan stå. Den beste plasseringa er der de naturleg ferdast forbi i det daglege, godt plassert ein stad på renovasjonsruta. Plassering må avklarast med både grunneigar og ÅRIM. For stader som har avfallsbrønningar og bakkekonteinarar treng vi fri høgde på på tolv meter over bakken, slik at vi kan løfte opp utstyret ved tømning.

## Kor mange skal bruke samlepunktet

Snakk med naboane, og få ei formeining om kor mange som kan bruke samarbeidsløysinga. Dette har noko å seie for kva løysingar som er aktuelle hos dykk, og kor stort volum vi bør berekne for avfallet.

## Alle avfallstypene på samme punkt

Å inngå samarbeid betyr at de har ei felles løysing der dei som bruker punktet deler utstyr for alle avfallstypar.

## Ansvar for orden og reinhald

De er sjølve ansvarlege for å halde orden rundt punktet.

## Slik går du fram:

- 1 Vurder kor mange husstandar som kan bruke samlepunktet.
- 2 Vurder kvar felles punkt kan stå. I større byggjefelt kan det vere aktuelt med fleire samlepunkt.
- 3 Snakk med naboar, burettslag eller sameige for å vite kva interessen er. Del informasjonen med dei.
- 4 Avklar med grunneigar kvar punktet kan stå.
- 5 Kontakt ÅRIM for rådgiving og eventuell befaring. ÅRIM kjem med tilråding om løysing og framdrift.

**Lykke til!** Samarbeidsløysingar er positivt både for miljøet og nærområdet.



### Har du spørsmål eller tilbakemeldingar?

Besøk oss gjerne på Moa på Daaeskogen.

**Kontakt:**  
70 31 41 00 / [post@arim.no](mailto:post@arim.no)

Miljøselskapet ÅRIM på Facebook

**Merk:** ÅRIM har tilskotsordningar for kjøp av brønningar. Ta kontakt for søknadsskjema.

